

Ukens navn.

# Hjernetrimmaren



## DENNE UKEN SNAKKER VI MED: ANITA EVERTSEN

ALDER: 26 år.

STUDERER: Informasjonsteknologi ved Høgskolen i Bergen.

AKTUELL SOM: Leiar for Bergen Akademiske Bridgeklubb, som i desse dagar har lynkurs for nye bridgespelande studentar.

### Kort fortalt. Kva er bridge?

Bridge er eit kortspel for fire spelarar, der to og to spelar som par. Alle har 13 kort kvar. Ein må avgi kor mange stikk ein kan ta, og deretter prøve å ta desse stikka. På mange måtar kan ein seie at bridge er ei avansert form for amerikanar.

### Kva er det som er så gøy med bridge?

For det første er det sosialt. Vi møtast ein gong i veka for å spele. I tillegg må ein bruke hovudet for å spele bra. Det er også veldig bra for konsentrasjonen.

### Kven er med i Bergen Akademiske Bridgeklubb?

Vi har over hundre medlemmer i alle aldrar. Den yngste er 11 år. Dei eldste er

pensjonistar. Om lag halvparten av medlemmene er studentar.

### Kan alle bli med i klubben?

Ja, om du har lyst til å bli med er det berre å bli med på eit av lynkursane våre dei førstkomande dagane. Ein treng ikkje å kunne spelet frå før, men det er bra å vere med på lynkurs. På den måten kan du finne ut om spelet er noko for deg.

### Korleis blei du leiar av Bergen Akademiske Bridgeklubb?

Eg byrja å spele bridge for fire år sidan. Inspirasjonen kom eigentleg frå far min. Han har alltid spelt bridge. For 1 1/2 år sidan blei eg leiar for klubben, så no er eg ansvarleg for økonomien, arrangerer

styremøter og sender info til medlemmene om kurs, møter og turneringar.

### Skal nokon frå klubben vere med på online-universitets-VM i bridge?

Eg har lyst til å vere med på det, men det er ikkje bestemt enda. Fleire i klubben brukar å spele mot andre på nett til vanlig. Då spelar vi mellom anna mot folk frå USA og Kina. Kanskje samlar vi nokre lag for å bli med på online-VM. ■

Tekst: MARI-LOUISE ULDBÆK STEPHAN  
Foto: IDA ANDERSEN